

1 Godtgjersle til folkevalde

Fastsett av Giske kommunestyre 05/12/2024 med heimel i lov av 22.juni 2018 nr.83 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) §§8-3, 8-4, 8-6 og 8-10

§1. Formål og verkeområde

Forskrifta har som formål å sikre dei folkevalde i Giske kommune godtgjerdelse og dekking av utgifter i samband med deira kommunale verv. Den skal leggje til rette for brei rekruttering av kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken.

Forskrifta gjeld for folkevalde i Giske kommune. Som folkevald vert rekna medlemmar av kommunestyre, formannskap og alle faste utval og komitear etter kommunelova § 5-1 og §5-2. Reglane gjeld også varamedlemmar når dei gjer teneste som folkevald.

Forskrifta gjeld berre folkevalde og politisk oppnemnde representantar si godtgjersle for deltaking i møte m.v. Det gjeld ikkje for administrasjonen si deltaking i slike møter.

Med møte meiner ein her møte/forhandlingar i kommunestyret, formannskapet, hovudutval,underutval og andre utval og råd oppnemnde av kommunestyret eller formannskapet.

Tilsvarande gjeld også møte i regi av KS, fylket, interkommunale fellesorgan og Staten samt konferansar og liknande der nokon deltek som representant for Giske kommune.

Møtegodtgjersle vert i slike tilfeller rekna per dag dersom møta går over fleire dagar.

Forskrifta er fastsett i samsvar med forvaltningsloven § 37 og utarbeidd i medhald av kommunelova kap. 8, der det står at kommunestyret sjølv skal gje forskrift som omfattar:

§ 8-3 Dekking av utgifter og økonomiske tap

§8-4 Arbeidsgodtgjersle

§8-6 Etterløn

§8-7 Pensjonsordning

§8-8 Retten til sjukepengar

§8-8 Rettar ved yrkesskade

§8-9 Permisjonar

§ 2 Rettar og plikter for folkevalde

Medlemmar av eit kommunalt folkevald organ pliktar å delta i organet sine møte dersom dei ikkje har gyldig forfall. Medlemmar som er til stades i eit kommunalt folkevald organ når ei sak blir tatt opp til avstemming, har plikt til å avgjera stemme. Ved val og vedtak om tilsetting har ein høve til å stemme blankt, jf. Kommunelova § 8-1.

Arbeidstakrar har krav på fri frå arbeidet sitt når det er nødvendig grunna møteplikt i kommunale folkevalde organ, jf. Kommunelova § 8-2.

§ 3. Arbeidsgodtgjersle

Utbetalingar til folkevalde er godtgjersle, ikkje løn. Godtgjersla er inntektspliktig og skattepliktig.

Utbetalingar skjer ved at kvar enkelt politikar registererer sitt godtgjerslekrav i kommunen sitt digitale godtgjersleprogram. Godtgjersle blir då utbetalta ved nærmaste månadlege lønsutbetaling.

All godtgjersle blir sett i prosent av ordføraren si godtgjersle. Ordføraren si godtgjersle blir justert i samsvar med grunnbeløpet (G) i folketrygda per 1. mai kvart år. Justering av øvrig godtgjersle gjerast 1.august kvart år.

§3-1 Fast godtgjersle

a) Ordføraren

Ordføraren si godtgjersle vert sett til 10G. Det er føresett at ordførarvervet utgjer fullstilling.

Godtgjersla per år vert fordelt på 12 like månadlege utbetalingar.

Det vert ikkje rekna feriepengar, og det er rekna med fem veker ferie per år.

Det vert ikkje utbetalta godtgjersle til ordførar for møte i kommunale organ utover den faste godtgjersla.

b) Varaordføraren

Varaordføraren skal ha ei fast godtgjersle på 25 % av ordføraren si godtgjersle. Det vert ikkje utbetalt godtgjersle for møte i kommunale organ eller fast godtgjersle for andre utval.

Fast godtgjersle vert fordelt på 12 like månadlege utbetalingar.

Varaordførar skal assistere og avløyse ordførar ved ferie og anna fråver inntil fire veke. Ved særskilte høve kan formannskapet vedta ordningar ut frå gjeldande kommunelov.

Dersom varaordførar vert trekt i løn ved deltaking på møte, skal varaordførar ha refusjon for lønstrekket ved å få dekt tapt arbeidsforteneste. Trekket må dokumenterast frå arbeidsgjevar med storleik på trekket. I tillegg til trekket skal det betalast feriepengar.

Varaordførar kan velge å frikjøpast frå sitt ordinære arbeid opp til 25% stilling. Eit vilkår er at varaordføraren tek permisjon frå si ordinære stilling tilsvarende storleiken på frikjøpet. Dette erstattar dekking av tapt arbeidsforteneste.

c) Formannskapet, kontrollutvalsleiar og hovudutvalsleiar

Medlemane i formannskapet, leiarane i teknisk utval og Livsløpsutvalet og leiar av kontrollutvalet skal ha ei fast godtgjersle på 2% per år av ordføraren si godtgjersle i tillegg til variabel godtgjersle.

Fast godtgjersle skal utbetalast 2 gonger pr år.

Vilkår for fastgodtgjersle for formannskapsmedlemane: Fråver på $\frac{1}{4}$ eller meir av møta medfører ein reduksjon av den faste godtgjersla med $\frac{1}{4}$. Fråver på meir enn halvparten av møta medfører at den faste godtgjersla fell bort.

d) Satsar gjeldande frå 1.8.2024

Grunnbeløp per 1.5.2024	1G	124 028
Fast godtgjersle		
Ordførarløn heilårs	10G	1 240 280
Varaordførarløn heilårs	25%	310 070
Fast godtgjersle formannskap, utvalsleiarar	2%	24 806

§3-2 Variabel godtgjersle

Det vert betalt godtgjersle per møte til leiar, møtande medlem og møtande varamedlem etter gjeldande satstar (i promille av ordføraren si godtgjersle):

Grunnbeløp per 1.5.2024	1G	124 028
Ordførar	10G	1 240 280
Varaordførar	25%	310 070
Variabel godtgjersle		
Kommunestyremedlem	2‰	2 481
Formannskap medlem	2‰	2 481
Teknisk utval leiar	3‰	3 721
Teknisk utval medlem	1,5‰	1 860
Livsløpsutval leiar	3‰	3 721
Livsløpsutval	1,5‰	1 860
Kontrollutval leiar	3‰	3 721
Kontrollutval medlem	1,5‰	1 860
Eldreråd/RFF/Ungdomsråd leiar	1,5‰	1 860
Eldreråd/RFF/Ungdomsråd	1‰	1 240
Andre råd og nemnder, korte møter, styringsgrupper, varamedlem enkeltsaker	1‰	1 240
Leiar for faste råd og nemnder (vilt nemnd)	1,5‰	1860

Møter i personidentiske utval, råd og nemnder som går under oppsatt tid til oppnemnde organ nemnt i tabell ovanfor, vert inkludert i godtgjersla for dette organet.

Ved avholdte møter etter kml. § 11-8 hastesaker, møter med 2 saker eller mindre i tillegg til godkjenning av møteprotokoll skal det betalast godtgjersle etter 1‰ av ordføraren si godtgjersle per møte.

Varamedlemar som trer inn i enkeltsaker grunna inhabilitet o.a. vert godtgjort 1‰ av ordføraren si godtgjersle per møte.

Leiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret i saker som vert lagt fram frå kontrollutvalet. Leiar har då rett på godtgjersle tilsvarande kommunestyremedlem i tabellen over.

Variabel godtgjersle skal registrerast samanhengande etter kvart møte. Siste frist for å registrere møter frå første halvår er 30.juni, og frå andre halvår er 31.desember.

§ 4 Erstatning for tapt arbeidsforteneste og økonomiske tap

§4-1 Reiseutgifter

Reiseutgifter i samband med møte, synfaringar, kurs og liknande, vert dekte etter gjeldande reglar i det kommunale reiseregulativet når reisa overstig 5 km.

§4-2 Tap i arbeidsinntekt

Arbeidstakar som vert trekt i løn ved deltaking på møte, skal i tillegg til møtegodtgjersle ha refusjon for lønstrekket. Trekket må dokumenterast frå arbeidsgjevar med storleik på trekket. I tillegg til trekket skal det betalast feriepengar.

Sjølvstendig næringsdrivande og personar i særleg frie stillingar basert på salsresultat:

Legitimert tap vert godtgjort etter framlegging av likningsattest som syner årsinntekt. Godtgjeringa vert utrekna etter ein timesats der årsinntekta vert delt på 1800 timer. Godtgjeringa kan maksimalt gjevest for 7,5 timer og vert avgrensa til ei dagsløn for ordførar, dvs den til ei kvar tid gjeldande ordførargodtgjersla dividert på $1800 \times 7,5$ timer. Godtgjering kan berre gjevest for møter mellom kl. 08.00-16.00.

Ulegitimerte krav kan godtgjerast for inntil 7,5 timer med ein timesats på kr. 200,-etter søknad til formannskapet. Det er eit vilkår at ulegitimerte krav kan synleggjerast.

Frist for levering av slikt lønsrefusjonskrav er 31.12 per inneverande år.

§4-3 Utgifter til barnepass med vidare

Legitimerte utgifter til pass av eigne born under 10 år og tilsyn av familiemedlemar som treng spesiell omsorg, vert kompensert med inntil kr. 850,- per møte – inntil kr. 125,- per time. Utgiftene må dokumenterast.

§4-4 Telefon

Ordføraren er dekt av kommunen sitt reglement for telefoni- og datakommunikasjon.

§ 5 Permisjonar

Folkevalde som er kjøpt fri i 100 % stilling, har etter søknad rett på permisjon etter AML

§§12-1 til 12-10, §12-12, §12-15 jf. kommunelova §8-10. Søknad om permisjon vert avgjort av kommunestyret.

Under permisjon beheld den folkevalde godtgjersla si i inntil to veker, med mindre han/ho gir avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og ved barn og /eller barnepassar sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjersla etter same reglar som gjeld for tilsvarendepermisjonar for tilsette i kommunen.

§6 Pensjonsordning, sjukepengar og yrkesskade

Folkevalde som er kjøpt fri i minimum 20 % stilling, har rett til pensjon i tråd med kommunen si pensjonsordning og gruppelivsforsikring.

Folkevalde som er kjøpt fri i 100 % stilling har ved sjukdom krav på lik line medtilsette i kommunen i høve til sjukepengar m.v.

Kommunen skal betale sjukepengar tilsvarende full godtgjersle i arbeidsgivarperioden fråden første til den sekstande sjukedagen – jf. folketrygdlova § 8-19.

Har den folkevalde krav på godtgjersle utover seks gongar grunnbeløpet, jf. folketrygdlova § 8-10, 2. ledd, skal kommunen betale differansen mellom det den folkevalde har krav på å få utbetalt i sjukepengar frå folketrygda og det den folkevaldeville ha fått i godtgjersle i den same perioden.

§ 7 Godtgjersle ved frikjøp

Folkevalde som vert kjøpt fri frå ordinært arbeid, mottek ei fast godtgjersle i staden for dekking av tapt inntekt etter §4-2 og variabel godtgjersle §3-2.

§ 8 Ettergodtgjersle

Folkevalde som er kjøpt fri i 100 % stilling, har rett til ettergodtgjersle når dei fråtrer vervet i inntil 3 månadar, jf. ålmen oppseiingstid for fast tilsette i kommunen. Dette under føresetnad av at dei står til disposisjon for og kan bli bedne om å utføre førefallande oppdrag for Giske kommune i heile perioden for ettergodtgjersle.

Retten til ettergodtgjersle vert avkorta mot anna inntekt etter reglane i kommunelova §8-6 andre og tredje ledd og er etter kommunelova § 8-6 , første ledd andre punktum avgrensa til å gjelde i maks. 3 månadar.

§ 13. Tvistar og liknande

Formannskapet avgjer tvistar og liknande om tolking av reglane i denne forskrifta.

§ 9 Verknadstidspunkt

Forskrifta trer i kraft frå 05.12.2024.